

Språk: Ei merkeleg overskrift, tenkjer du kanskje. Men vi påverkar verda – eller vår oppfatning av verda – gjennom språket.

Verda er slik du seier ho er

MENINGER

Jens Haugan



Den såkalla Sapir-Whorf-hypotesen byggjer på ein idé til bl.a. Wilhelm von Humboldt, som meinte at ulike språk kunne føre til ulik utvikling av tankar og tenking.

Benjamin Whorf og Edward Sapir funderte meir på dette og kom fram til hypotesen at det som blir sagt av ein person på eitt språk, ikkje nødvendigvis kan bli forstått på same måte av ein person frå eit anna språksamfunn.

Eit enkelt døme frå norsk er kanskje ordet «kose». Det er ikkje alltid like lett å omsetje dette ordet til andre språk, og det er nok ein del turistar som lurer på kva ein eigentleg legg i ordet.

Det same kan ein kanskje seie om «hytteliv». Det er ikkje for ingenting at Ylvis sin song/video «The Cabin» er morosam – eller eventuelt uforståeleg – for ulike språkbrukarar. Språk er ikkje berre grammatiske system, men også kultur.

■ Sapir-Whorf-hypotesen er ikkje heilt «stueren» i dag, og eg tenkte å leie merksemda mot noko meir direkte og «fysisk» enn det språklege innhaldet, nemleg «syntaks», det vil seie oppbygging av setningar.

Ein kan sjå på språk som fleire



DEFINERER VERDA: Når eg skriv denne teksten, skriv eg eitt og eitt ord. Og du som les, vil mest sannsynleg lese eitt og eitt ord. Har det konsekvensar for korleis vi kan snakke om verda? spør Jens Haugan.

FOTO: REUTERS/NTB SCANPIX

modular som arbeider saman. For det første er det ein tanke eller noko som skjer i verda, ein ønsker å formidle til nokon. Då treng ein ord som kan beskrive det ein vil seie.

Orda må uttrykkjast som lydar eller eventuelt gjennom skrift eller andre teikn, og då er det visse reglar for korleis ein uttaler eller skriv/symboliserer orda. I tillegg finst det grammatiske, altså systemeigne, reglar for korleis orda kan kombinerast i ei setning.

■ Det ein ikkje kjem bort frå, er det faktum at ein reint fysisk ikkje kan seie, skrive eller symbolisere alle orda i ei setning på ein gong.

Ein kan heller ikkje ta imot alle orda på ein gong. Vi seier at språket er lineært. Når eg skriv denne teksten, skriv eg eitt og eitt ord. Og du som les dette, vil mest sannsynleg lese eitt og eitt ord,

eventuelt nokre ordgrupper om gongen. Dette veit vi. Men har det nokon konsekvensar for korleis vi kan snakke om verda?

Tenk deg at du ser Per og Kari som sit på ein benk og kysser kvarandre. Det du ser, er at dei gjer dette samtidig, og ein kan ikkje nødvendigvis vite kven som tek initiativet.

Men når du skal fortelje dette til nokon, blir du nøydd til å velje anten Per eller Kari som første ord. Lineariteten i språket, altså det at eitt ord må komme før eit anna, tvingar deg faktisk til å velje eit perspektiv. Enda meir tydeleg blir dette om ein seier «Per kysser Kari».

■ No seier du kanskje at det ikkje spelar så stor rolle kven som kysser kven. Men kva om ein byter ut ordet «kysse» med «elske»? Om Per elsker Kari, tyder det jo ikkje at Kari elsker Per tilbake.

Eller korleis er det når eitt land er i krig med eit anna? Er det slik at vi alltid gjev eit korrekt språkleg bilete av verda?

Det ligg mykje definisjonsmakt i språket. Kanskje burde ein tenkje oftare over korleis språket definerer verda – og ikkje minst korleis vi sjølve definerer verda gjennom språket.

” No seier du kanskje at det ikkje spelar så stor rolle kven som kysser kven. Men kva om ein byter ut ordet «kysse» med «elske»?

JENS HAUGAN

EIT GODT UT

**Tunne
vestov**

■ Som alle Jernbaneverke nye dobbeltspens trasé gjer med ei lita ut Småbåthanna

Både måter styresmakter og at dei legg H arbeidet med S der på at JBV v

Det nye fram med tunnel vest, må ver skremma alle b tankar; tunnel ved Bispebrua parkeringsplas

Da må i alle ved Bispebrua djupare enn i d ha plass til tre litt av eit krater

Skulle dette meint frå JBV, minste hatt t ved Bryggeri Det er sjølvsagt for dei som bu men vi slepp djup canyon o brua, som vil ra og hagar.

■ Vi har tidle (HA 10/10, 18/ løysing som fje ulempene og s plusseffektar: å byrja å senk frå sør idet ha nordsida av Åk La han gå i op forma betong bakken, som v ved Sentralba Oslo) i 800 me Hamar stasjon

Med maksir 1,25 prosent, vera 10 m und ande sporet o aust for stasje (Ønskar ein n kan ein byrja lenger sør). Ve på kulverten (derifrå, vil per over seg, og ei frigjort areal som kan bruk ring, drosje- og mm.

Rørosbanen på same nivå stigning, sidar kan byrja len med bryt ikkje ga opp samb Dovrebanen o